

# PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 9 - 2017

## Skabb

**Vi ser at førekomsten av skabb aukar og dette skuldast ikkje dårleg hygiene.**

Av: Turid Thune, seksjonsoverlege, Hudavdelinga

Hudavdelinga har dei siste månadene opplevd ein betydeleg auke av tilviste pasientar med kløe og utslett, der det viser seg at dei har skabb.

Skabb smittar ved nær hudkontakt og felles bruk av seng o.l. Hovudsymptoma på skabb er utslett og søvnforstyrrende kløe. Skabb gir kløe fordi kroppen reagerer allergisk. Skabb lagar tunnelar i huda der dei legg egg. Tunnelane kan bli sett som tynne sølvliknande linjer i huda. Skabbmidden er så liten at det ikkje er mogleg å sjå han utan forstørring, men utslettet ser ut som små insektstikk eller kviser. Vaksne får som oftast berre utslett på nokre stader, mens barn oftare får utslett over heile kroppen. Symptoma kjem først etter 3-6 veker etter smitte, og innan den tid kan fleire ha blitt smitta.

Dei som har svekka immunforsvar kan få ei meir alvorleg form for skabb. Dette kallast av historiske årsaker norsk skabb eller "scabies norwegicus". Utslettet er skjellete og skorpedekka og dekkjer eit langt større hudområde enn vanleg skabb.

### Behandling

Førsteval er permetrin 5 % krem (Nix®). Permetrin er reseptfritt og fjernar skabben hos nesten alle. Middelet kan brukast til barn over 2 månader og vaksne. Heile kroppen unntatt ansikt og hårbotn skal behandlast. På småbarn og eldre bør også ansikt og hårbotn behandlast. Smør også huda mellom fingrar og tær, i armholer, navle, ytre genitalia og sete. Etter minst 12 timar bør ein dusje eller bade. Har ein vaska hendene før åtte timar er gått, bør hendene smørast på nytt. Ein skal gjenta behandlinga etter ei veke. Alternativt kan benzylbenzoat 33 % liniment nyttast.

 **HELSE BERGEN**  
Haukeland universitetssjukehus

 **BETANIE**  
SYKEHUS

 **Haraldsplass**  
Diakonale sykehus

Til barn under 2 år bør fortynna liniment (15%) nyttast. Barn under 2 år og spedbarn bør behandlast og følgjast opp av lege.

### Eit siste alternativ for vaksne, ikkje gravide

Peroral behandling med stromectol (Ivermectin®) 200 µg/kg kroppsvekt som eingongsdose og ein skal gjenta etter 1- 2 veker.

### Slik unngår du tilbakefall

Det er viktig å vere grundig med behandlinga for å unngå tilbakefall. Alle i ein familie og andre nære kontaktar må behandlast same dag, eller så blir det «om att og om att». Ein er smittefri når behandlingsskur nummer to er avslutta.

Det er avgjerande å kvitte seg med skabb i huset. Skabb vil døy etter 3-5 døgn ved romtemperatur > 20°C utan kontakt med hud. Sengetøy, handklede og klede som har vore nær huda, må vaskast på 60 grader. Tøy som ikkje toler dette, kan pakkast i plast og setjast bort i ei veke.

Det kan framleis klø i eit par veker etter at behandlinga har tatt livet av midden. Skabb gir som regel ingen langvarige helseproblem, men kan gi bakterieinfeksjon hos dei som klør seg og får sår i huda.



## Testing av ny digital kalkulator på Kvinneklinikken

«FetoCalc» er namnet på den nye digitale kalkulatoren for berekning av svangerskapslengde og fostervekst.

Av: PKO-redaksjonen



Stolte over å ta i bruk nytt og eigenutvikla verktøy, f.v. Synnøve Olset, spesialrådgivar Seksjon for e-helse, seksjonsoverlege Synnøve Lian Johnsen og klinikkdirektør Susanne Albrechtsen.

Kalkulatoren er ein digital versjon av excelarket for berekning av biometri, utvikla på initiativ frå seksjonsoverlege Synnøve Lian Johnsen på KK, i samarbeid med Seksjon for e-helse og Helse Vest IKT.

**Kalkulatoren skal først og fremst bli brukt av helsepersonell under konsultasjon, men skal og vere tilgjengeleg for den gravide i etterkant.**

Kalkulatoren kan ein på ein sikker og enkel måte berekne: Svangerskapsalder, terminato, vekt med persentilar, tilvekst med persentilar, blodstrøms-målingar, og kjønnsesifikk vurdering.

Oppsummering av berekningane kan enkelt bli kopiert over til journal og til ei kurve som kan skrivast ut til den gravide.

### Planen for utprøving av FetoCalc

Fram til nyttår skal FetoCalc bli testa ut internt på Haukeland universitetssjukehus. Etter nyttår vil nokre utvalde sjukehus i Noreg også teste kalkulatoren.

## Slutt for telefonnummer 05300

Helse Bergen fjernar sitt telefonnummer 05300. Snart er det berre telefonnummer 55 97 50 00 som gjeld.

For å få ein smidig overgang for dei som framleis kontaktar sjukehuset på gamalt nummer, vil HUS halde nummeret opent ei stund til.

## Korleis få betre tenestetilbod til pasientar som har alvorleg uheldredeleg sjukdom?

Haukeland universitetssjukehus vil at pasientar med alvorleg kronisk sjukdom og pasientar i palliativ fase skal få eit betre tenestetilbod.

Av: Klinikkdirektør John-Helge Heimdal, leiar av Fagråd for lindrande behandling,

Våren 2016 viste ei intern kartlegging på sjukehuset, at avdelingane har ulik kvalitet på lindrande behandling. Vidare kom det fram at både overgangane mellom avdelingane internt, og mellom sjukehus og kommunehelsetenesta, kan bli betre.

### Vi treng tilbakemelding frå deg som er fastlege

Som eit ledd i forbetningsarbeidet vil spørjeskjema bli sendt til alle fastlegane før jul 2017. Sjukehuset ønskjer å kartlegge korleis fastlegar opplever samarbeidet med spesialisthelsetenesta: Om du er nøgd med kvaliteten på epikrisene og rettleiing frå spesialisthelsetenesta.

Spørjeundersøkinga tar nokre få minutt, og vil bli gjentatt i 2018 og 2019. Både helsepersonell ved sjukehuset, fastlegar og sjukeheimslegar blir spurde.

### Nytt fagråd

«Fagråd for lindrande behandling» skal bidra til å betre kvaliteten på tenestetilbodet til palliative pasientar på sjukehuset.

Fastlegar som har spørsmål om palliative pasientar, skal som tidlegare rette dei til den avdelinga pasienten høyrer til på sjukehuset. Dersom ein ikkje får avklart spørsmåla der, kan ein kontakte palliativt team eller Sunniva klinikk.